

Dato: 21.06.2017

Arkiv: 216

Kontrollutvalet

SAK 35/17 BYGGEREKNESKAP BUSTADER, UNGE MED MILJØTENESTER

Forslag til uttale:

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 17.03.2017, i høve byggjerekneskap - Bustader, unge med miljøtenester.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Bustader, unge med miljøtenester med ein total byggekostand på kr 31.425.390 inkl. mva kan godkjennast.

Vedlegg


1. Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Uttale i høve byggerekneskap Bustader, unge med miljøtenester, dat. 17.03.2017.
2. Prosjektrekneskap. Bustader, Unge m/miljøteneste
3. Kommunestyresak 29/15 av 30.04.2015. Bustader for unge med miljøteneste – finansiering.
4. Kommunestyresak 27/14 av 22.05.2014. Prosjekt for unge funksjonshemma.

Saksopplysning

Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.

Revisor har gjort ein avgrensa revisjon av byggerekneskapen for Bustader, unge med miljøtenester. Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 31.425.390 inkl. mva.

Det går fram av uttalen og økonomiplanen at budsjettvedtaket for prosjektet, jf. kommunestyresak 29/15 av 29.04.2015, viser kr 32.552.813 inkl. interne kostander og mva. Det er då eit mindreforbruk på kr 1.127.423 og byggeprosjektet er såleis gjennomført innfor vedteken ramme.



Jostein Støylen
Dagleg leiar

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Ørsta kommune

6150 ØRSTA

UTTALELSE I HØVE BYGGEREKNESKAP Bustader, unge med miljøtenester

Vi har foreteke ein begrensa revisjon av byggerekneskapen, som viser;

Total byggekostnad kr 31.425.390,-inkl.mva.

Beløpet er inkl egne kostnader byggeleing med kr 607.591,-.

Budsjettvedtaket kommunestyret 20.04.2015 sak 29/15 kr 32.552.813,- inkl.mva

Budsjettvedtaket var inkl.interne kostnader

Det er motteke kr 10.964.000,- i tilskot frå Husbanken

Byggerekneskapen består av ei oversikt over kostnader som er utgiftsført i investeringsrekneskapen til Ørsta kommune dei respektive åra fram til dato. Investeringsrekneskapen er revidert løpande.

Vår begrensa revisjon er foreteke i samsvar med standard for begrensa revisjon. Denne standarden krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for med moderat sikkerheit for å stadfeste at den presenterte rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Ein begrensa revisjon er i hovudsak begrensa til analytiske kontrollhandlingar retta mot rekneskapsmaterialet og til forespørsler til administrasjonen.

Vi har ved vår begrensa revisjon ikkje fått kjennskap til forhold som gir oss grunn til å anta at den framlagte oppstillinga bygg på informasjon som ikkje er registrert i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk.

Ørsta/Ulsteinvik, 17.mars 2017


SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS

Bodill Skeide

-reg. revisor-

Prosjekt 431201 : BUSTADER, Unge m/miljøteneste

| Konto | Konto (T) | | |
|-------|---|---------|------------|
| 1000 | Kontormateriell | | 1 520 |
| 1500 | Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.) | | 1 157 |
| 1709 | Reiseutgifter etter rekning | | 3 848 |
| 1850 | Forsikring, vakttenester | | 8 212 |
| 1952 | Andre avgifter og gebyr -arkeologiske utgr | | 1 038 884 |
| 2000 | Kjøp av driftsmiddel | | 133 541 |
| 2001 | Datautstyr | | 8 477 |
| 2300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 23 235 090 |
| | herav konsulentteneser Sweco | 210 980 | |
| | herav intern byggeleing | 607 591 | |
| 2400 | Serviceavtalar, reparasjonar og vaktmeistertenester | | 3 325 |
| 2700 | Konsulenttenester -uavhengig kontroll | | 55 145 |
| 2800 | Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr) | | 1 262 800 |
| 4290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 5 673 391 |
| | | | 31 425 390 |

kontrollert med
revidert reneuskop
dei respektive år 14,15,16

17. mars 2017

SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS
Siville



ØRSTA KOMMUNE
politisk sekretariat

Seksjon eigedom

| <i>Saksnr</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Saksansvarleg</i> | <i>Arkiv</i> | <i>Dato</i> |
|---------------|----------------|----------------------|--------------|-------------|
| 2013/1563 | 6600/2015 | MARSTOL | 431201 | 08.05.2015 |

Melding om vedtak i kommunestyret 30.4.2015, sak 29/15

BUSTADAR FOR UNGE MED MILJØTENESTE - FINANSIERING

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 30.04.2015

VEDTAK:

Kommunestyret vedtek ny total kostnadsramme for prosjektet Bustadar for unge med Miljøteneste med inntil kr 32 553 000,- inkludert interne kostnader og reserve.

Handsaminga(32 r.f.)

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål

Formannskapet si tilråding vart vedteken med 32 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng

Inger Johanne E. Løeng

Politisk sekretær

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 21.04.2015

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret vedtek ny total kostnadsramme for prosjektet Bustadar for unge med Miljøteneste med inntil kr 32 553 000,- inkludert interne kostnader og reserve.

Handsaminga(9 r.f.)

Formannskapet vedtok med 9 mot 0 røyster å leggje saka fram for kommunestyret i samsvar med rådmannen si tilråding.

Saksprotokoll i Levekårsutvalet - 15.04.2015

TILRÅDING TIL FORMANNSKAPET:

Kommunestyret vedtek oppstart og bygging av Bustadar for unge med Miljøteneste. Prosjektkostnader er berekna til kr 32 552 813,- inkludert interne kostnader og reserve.

Handsaminga(8 r.f.)

Delt ut i møtet: Berekna Momskompensasjon for investeringa.
Øystein Mårstøl, prosjektleiar orienterte og svarte på spørsmål.

Levekårsutvalet vedtok med 8 mot 0 røyster å legge saka fram for formannskapet i samsvar med rådmannen si tilråding.



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Øystein Mårstøl

Arkivsak: 2013/1563

Løpenr.: 433/2015

Utvaksaksnr.

Utval

Møtedato

Levekårsutvalet

Ørsta formannskap

Ørsta kommunestyre

Saka gjeld: Bustadar for Unge med Miljøteneste - Finansiering

Tilråding til vedtak:

Kommunestyret vedtek ny total kostnadsramme for prosjektet Bustadar for unge med Miljøteneste med inntil kr 32 553 000,- inkludert interne kostnader og reserve.

Saksvedlegg:

Husbankens – Tilsagn om investeringstilskudd.

Saksopplysninger:

Viser til vedtak i kommunestyret 22.5.2014, sak 27/14
der kommunestyret gjorde følgende vedtak:

Kommunestyret viser til økonomiplan 2014 – 2017 og vedtek oppstart av prosjektet bustadar for unge funksjonshemma i samsvar med dette.

Prosjektkostnader vart i saksdokumenta presentert slik:

Sum kapitalbehov for prosjektet er kr 26 105 285,- ink mva.
Summen inneheld kr 1 800 000,- i ufortsette kostnader.
Prosjektet er planlagt finansiert slik:

| | |
|------------------------------|-------------------|
| Husbanktilskot kr | 10 964 000 |
| Momskomp. investering, ca kr | 4.854.000 |
| Langsiktig lån kr | <u>10.287.000</u> |
| Sum finansiering kr: | 26.105.000 |

Ørsta kommune har gjennom hausten og vinteren fått gjennomført nødvendige arkeologiske utgravingar på tomte, og innhenta tilbud frå entreprenørar.
Ørsta kommune mottok i alt 4 tilbud, og etter forhandlingar og evaluering vart tilbydarane rangert slik:

| Leverandør | Pris inkl mva. |
|------------------------|----------------|
| 1. Prosjektbygg AS | 26 909 813,- |
| 2. Hent AS | 29 293 410,- |
| 3. Veidekke AS | 30 212 847,- |
| 4. Meisterbygg Møre AS | 31 638 875,- |

Prosjektbygg AS leverte beste tilbud, og er innstilt til oppdraget. Det er teke atterhald om økonomisk finansiering.

På grunn av auka kostnader med arkeologiske undersøkingar, tomtekostnader og entreprisekostnader, må kommunen utvide dei økonomiske rammene til prosjektet for å sikre prosjektgjennomføring.

Etter at inkomne tilbud er mottatt fordelast prosjektkostnader slik:

| PROSJEKTKOSTNADER BUSTADAR FOR UNGE | |
|---|--|
| ARKEOLOGISK UTGRAVING | |
| ENTREPRISEKOSTNADER (TOTALENTYPRIS) | |
| GENERELLE KOSTNADER: Egen administrasjon bygefase og planleggingsfase, Forprosjekt og funksjonsbeskrivelse, Anleggskostnader byggestrøm, øknader osv. | |
| TOMTEKOSTNADER (infartakura) | |
| RESERVE OG MARGINAR | |
| kr 32 552 813 | FORVENTA PROSJEKTKOSTNADER INKLUDERT MVA |

Husleigeinntekter og vedlikeholdskostnader:

Prosjektet inneheld 6 omsorgsbustadar for utleige.

Årlig vil kommunen ha ei stipulert husleigeinntekt på kr 440 000,-

Drift og vedlikeholdskostnader er samstundes stipulert til kr 500 000,- pr år.

Det er forventa levetid på 60 år.

Husbankfinansiering:

Ørsta kommune ved prosjektleiar har søkt husbanken om stønad til prosjektet.

Husbanken har gitt positivt svar og vil støtte prosjektet med kr 11 293 000,-

Tilskotet Husbanken gir er knytt opp til antall einingar og samla prosjektkostnader.

Husbanken sine rammevilkår er vedlagt.

Prosjekttilskotet vil bli utbetalt etterskotsvis ved godkjent byggerekneskap og ferdigattest.

Prosjektfinansiering:

Husbanktilskot kr: 11 293 000,-

Momskompensasjon: 5 921 963,-

Finansiering Ørsta Kommune kr: 15 666 850,-

Sum finansiering kr: 32 552 813,-

Vurdering og konklusjon:

Det auka investeringsbehovet skuldast i stor grad tomteknostnader, nødvendige arkeologiske undersøkingar og krav om uavhengig kontroll i byggefasen, i tillegg til at entreprisekostnader er noko høgare enn det vi først berekna.


Behovet for omsorgsbustadar og avlastningstilbod er stort, og uendra sidan politikarane 22.05.2014 gjorde vedtak om og løyve kr 26,1 millionar til oppføring av omsorgsbustadane.

Husbanken har godkjent prosjektet, og rådmann og kommuneadministrasjonen er klare til å starte byggeprosessen i lag med Prosjektbygg as.

Ørsta, 16.04.2015


Wenche Solheim
rådmann

Irene Graskopf
seksjonsleiar eigedom



Saksnr
14635222 4

Depotnr

Vår saksbehandlar
Marianne Sønåsen, 31 26 27 89

Vår dato
22.02.2017

Ørsta Kommune
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Ørsta Kommune
Kommunekassereren
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

UTBETALINGSBREV

Vi utbetaler følgende tilskot pr 27.02.2017 :
kr 10.964.000 overføres til konto 3992.07.30144..
Ref: Bustadar for unge med miljøteneste.

Med helsing
HUSBANKEN
Forvaltningskontoret

J. B. Bakken
e.f.

Marianne Sønåsen
Marianne Sønåsen



| <i>Saksnr</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Saksansvarleg</i> | <i>Arkiv</i> | <i>Dato</i> |
|---------------|----------------|----------------------|--------------|-------------|
| 2013/1563 | 7403/2014 | MARSTOL | 431201 | 27.05.2014 |

Melding om vedtak i kommunestyret 22.5.2014, sak 27/14
PROSJEKT BUSTADAR FOR UNGE FUNKSJONHEMMA

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 22.05.2014

VEDTAK:

Kommunestyret viser til økonomiplan 2014 – 2017 og vedtek oppstart av prosjektet bustadar for unge funksjonshemma i samsvar med dette.

Oversendingsframlegg til planavdeling:

Det vert bede om at det i samband med kommunedelplan for Ørsta sentrum vert sett av sentrumsnære areal til ytterlegare to 4-mannsbustadar for unge vaksne med nedsett funksjonsevne, med sikte på realisering i 2016/2018.

Handsaminga(33 r.f)

Rådmannen v/Kristin Vik, seksjonsleiar bu-og habilitering orienterte.

Sven Castberg(H) sitt framlegg:

For å sikre framtidige behov skal det i kommunedelplanen sette av areal for ytterlegare to 4-bustadar i nærleiken av BakkOla marka.

Venstre og SP v/Gunnar Knutsen(V) sitt framlegg:

Stryke andre setninga i tilrådinga frå formannskapet.

Karen Høydal(AP) sitt framlegg:

Det vert bede om at det i samband med kommunedelplan for Ørsta sentrum vert sett av sentrumsnære areal til ytterlegare to 4-mannsbustadar for unge vaksne med nedsett funksjonsevne, med sikte på realisering i 2016/2018.

Ordføraren fremja å halde gruppemøte. Det vart halde gruppemøte.

Etter gruppemøte:

Høgre trekte sitt framlegg.

Framlegg frå AP, Høgre, FrP, KrF, Venstre, SV:

Oversendingsframlegg til planavdeling:

Det vert bede om at det i samband med kommunedelplan for Ørsta sentrum vert sett av sentrumsnære areal til ytterlegare to 4-mannsbustadar for unge vaksne med nedsett funksjonsevne, med sikte på realisering i 2016/2018.

Framlegg frå Venstre, SP, KrF, SV, Høgre:

Ta vekk punkt om: "avlastningseiningar skal vurderast i andre bustadar".

Punktvis røysting:

Første setning i tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 33 mot 0 røyster

Andre setning i tilrådinga frå formannskapet fekk 6 røyster og fall.

Oversendingsframlegg til planavdelinga vart vedteken med 33 mot 0 røyster.

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng

Utskrift til:

Seksjon eigedom

Plan- og miljøavdelinga

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 13.05.2014

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret viser til økonomiplan 2014 – 2017 og vedtek oppstart av prosjektet bustadar for unge funksjonshemma i samsvar med dette.

Avlastningseiningar skal vurderast i andre bustadar

Handsaminga(9 r.f.)

Rådmannen endra si tilråding og tittel i saka:

Kommunestyret viser til økonomiplan 2014 – 2017 og vedtek oppstart av prosjektet bustadar for unge funksjonshemma i samsvar med dette.

Ordføraren fremja å halde gruppemøte. Det vart halde gruppemøte.
Ordføraren sette møtet igjen kl. 13:10.

Tittel: Prosjekt bustadar for unge funksjonshemma.

Karen Høydal(AP) sitt framlegg:

Avlastningseiningar skal vurderast i andre bustadar

Punktvis røysting:

Høydal(AP) sitt framlegg vart vedteken med 5 mot 4 røyster(Høgre, SP og V)

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 9 mot 0 røster

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek å finansiere Bustadar for unge med miljøteneste ved Bakk Ola marka, slik at kommunen kan lyse ut anbodskonkurransen. Prosjektkostnader er kalkulerte til 26,1 mill kroner inkl.mva.



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Øystein Mårstøl

Arkivsak: 2013/1563

Løpenr.: 338/2014

| Utvalsaksnr. | Utval | Møtedato |
|--------------|--------------------|------------|
| | Ørsta formannskap | 13.05.2014 |
| 27/14 | Ørsta kommunestyre | 22.05.2014 |
| 48/14 | Ørsta formannskap | 13.05.2014 |

Saka gjeld: **PROSJEKT BUSTADAR FOR UNGE FUNKSJONSHEMMA**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Kommunestyret viser til økonomiplan 2014 – 2017 og vedtek oppstart av prosjektet bustadar for unge funksjonshemma i samsvar med dette.

Avlastningseiningar skal vurderast i andre bustadar.

Saksvedlegg:

1. Saksframlegg Bustadar til unge vaksne med nedsett funksjonsevne.
2. Purring NFU lokallag.
3. Purring Rådet for funksjonshemma.
4. Svar frå Kommunestyret til Karen Høydal.
5. Forprosjekt med kalkylar.
6. Uttale vedrørende forprosjekt NFU lokallag.
7. Uttale vedrørende forprosjekt føresette.
8. Husbanken Investeringstilskot.

Saksopplysningar:

Eigedomseksjonen ved prosjektleiar fekk sommaren 2013 i oppdrag og utarbeide forprosjekt med prosjektkalkylar. Det vart snarast gjennomført avgrensa anbodskonkurranse mellom 3 aktuelle tilbydarar.

Ose Ingeniørkontor AS leverte beste økonomiske tilbod og fekk ilag med prosjektleiar, driftspersonell og representantar frå brukarane, Norsk Forbund for Utviklingshemma (NFU) og Råd for funksjonshemma, vere med å utvikle prosjektet.

Føresetnader.

Det vart frå seksjon bu og habilitering gjeve følgjande føresetnader:

- Prosjektet skal innehalde 6 bueningar og 2 avlastningseiningar i tilknytning til døgnbemanna personalbase.
- Bustadane skal førast opp på sentrumsnær tomt ved Bakk-Ola marka.
- Bygningen skal utførast med universell utforming.

Prosjektkostnader

Bygging av bustadar for unge funksjonshemma vert etter prisbok 2013 kalkulert til prosjektkostnader på 26 105 285 kr inkludert mva.

Dette inkluderer arkeologiske undersøkingar, men tek ikkje omsyn til interne kostnader som grunnkjøp og prosjektleiing.

Husbanktilskot:

Det har gjennom utforming av forprosjekt vore tett dialog med Husbanken for og sikre at bustadprosjektet tilfredstiller dei kriterium som Husbanken set for å tildele prosjektstøtte. Husbanken har godkjent prosjektutforming og har gitt mellombels tilbakemelding om at prosjektet vil motta tilskot.

Bustadar for unge funksjonshemma inneheld 6 omsorgsbustadar og 2 avlastningsbustadar. Husbanken gir 1 298 250 kr pr. omsorgsbolig og 1 586 750 kr pr. avlastningsbustad. Husbanktilskotet vil totalt for prosjektet utgjere 10 964 000 kroner inkludert mva. Tilskotet utbetalast ved prosjektslutt og revisorgodkjent byggerekneskap.

Husleigeinntekter:

Prosjektet inneheld 6 omsorgsbustadar for utleige.

Utleigeinntekter vil utgjere 6025,- pr. måned pr. bustad. I tillegg til straumutgifter.

Årlig vil kommunen ha ei husleigeinntekt på kr 433 800,-

Drift og vedlikehold av bygningsmasse.

Eigedomseksjonen har gjennomført ei tidlig drift og vedlikehaldsanalyse og bereknar års kostnader til 755 kr pr m2 bygg. Prosjektstørrelse er 775 m2 inkludert utvendige boder. Dette gir berekna årlige drift og vedlikehaldskostnader på kr 585 125,-

Finansiering:

Sum kapitalbehov for prosjektet er kr 26 105 285,- ink mva.
Summen inneheld kr 1 800 000,- i ufortsette kostnader.

Prosjektet er planlagt finansiert slik:

| | |
|---------------------------|-----------------------|
| Husbanktilskot | kr 10 964 000 |
| Momskomp. investering, ca | kr 4.854.000 |
| Langsiktig lån | <u>kr 10.287.000</u> |
| <u>Sum finansiering</u> | <u>kr: 26.105.000</u> |

Som langsiktig finansiering nyttast tidlegare års låneopptak/likviditetslån med kr 10,3 mill, etter at husbanklånet er utbetalt og momskompensasjonen er refundert.

I byggjefasa vil tidlegare års låneopptak/likviditetslån nyttast til fullfinansiering av prosjektet. Dersom det oppstår kostnadsoverskriding vil ein måtte finansiere meir. Dersom kostnadane vert lågare, vert finansieringsbehovet redusert.

Behov:

Kommunen har ikkje bygd bustadar tilrettelagt for menneske med utviklingshemming sidan etableringa av Bakk Ola marka i 2003. Før Bakk Ola marka i 2003, var dei siste bustadane bygde på i Hovdebygda og på Engeset i 1993/94. Fram til 2003 var berre 7 bebuarar etablerte i tilrettelagt bustad, med kommunale tenester. I tillegg budde nokre på det som tidlegare var Hovden internat i regi av HVPU. Fleire vaksne budde også heime hjå foreldra sine.

I 2003 vart det på Bakk Ola marka (BOM) gitt tilbod om bustad til 10 menneske med utviklingshemming, og Bustadtenesta, no Seksjon bu og habilitering, etablerte seg med administrasjon og personalbase på BOM. Det vart også etablert 2 avlastningsbustadar for barn og unge. I dag bur det 15 brukarar på BOM, medan 5 barn og unge nyttar seg av avlastningsbustadane i varierende omfang, med særleg behov på helg og ferietid.

Behovet for nye bustadar er kartlagt gjennom brukarundersøking i 2010. Ein kjenner også behov gjennom søknadar om bustad, og dialog med brukar og pårørande.

Dette ligg til grunn for ynskje om bygging av 6 nye bustadar og 2 avlastningsbustadar.

Seksjon for bu og habilitering ser at Bakk Ola marka ikkje er eit godt bualternativ for alle. I mangel på alternativ har ein likevel klart å gjere det til eit forsvarleg og godt butilbod for fleire som treng tilgang på døgnkontinuerlege tenester. Seksjonen ser no eit klart behov for tilrettelagde bustar utanfor BOM. For mange brukarar og familiar hastar dette å få på plass.

Desse nye bustadane vil også vere eit alternativ for nokre som bur på BOM i dag, men som klart kan profitere på eit nytt butilbod. Dette er vurdering det ligg faglege råd og vurderingar bak, og som ein ikkje vil kome nærare inn på i denne saka.

Når det no ligg projektskisse til grunn for bygging av bustadar på kommunal tomt i nærleik til BOM, vurderer Seksjon bu og habilitering dette til å vere eit godt og tenleg alternativ for

dei brukarane som ventar på kommunal bustad med god fysisk tilrettelegging og personalressurs. Seksjonen er kjend med, og har respekt for innvending frå NFU på val av tomt og storleik på prosjektet.

Drift av bustaden;

Bustadane med avlastningsbustad vil krevje døgnbemanning. Det vil sei nattevakt og tilgjengeleg personal i turnus dag og kveld. Graden av bemanning er avhengig av bebuarane sine individuelle behov. Behov vil verte vurdert av tildelingskontoret etter søknad, og bemanningsfaktor i bustad vert såleis avhengig av kven som bur i bustaden. Avhengig av dette vert også kostnad til noverande avlastningstiltak på BOM redusert.

Fleire av dei framtidige bebuarane bur i dag i foreldreheim, med varierende grad av kommunal teneste. Desse bustadane vil dekke eit utsett og oppdemt behov, og det vil krevje nye stillingsheimlar for å imøtekome desse behova. Bustadane vil trenge tilsyn frå våken nattevakt, 2 årsverk. Hjelp og tilsyn på dag og kveld, ca 8 – 10 årsverk. Ny eining vil måtte få om lag same omfang som sone 2 i seksjonen har i dag. Netto budsjett 2014 kr. 8 330 000.

Samlokalisert bustad vil i alle høve ha nokre driftsfordelar, då fleire bebuarar kan nyttiggjere seg same personalressurs. Brukarar med behov for tenester har lovmessig krav på desse, same kvar dei buset seg, og det er heilt klart ein fordel for kommunen å yte desse tenestene i samlokalisert bustad, framfor at brukarane buset seg spreidd rundt omkring i private bustadar.

Driftskostnader er her estimerte ut frå den kunnskap ein har i dag, og vil som sagt avhenge av hjelpebehovet til dei som vel å busette seg i bustaden. Noko av kostnaden ligg inne som avlastningstiltak i årets budsjett, ein kostnad tilsvarande 1 årsverk.

Vidare kan ein pårekne noko refusjon for ressurskrevjande tenester, føreset at staten vidarefører ordninga slik den er i dag. Eit høgst usikkert anslag kan vere refusjon med kr 400 - 600 000 for 4 av bebuarane. Til saman kr 1 600 000 – 2 400 000.

Ørsta, 30.04.2014

Wenche Solheim
Rådmann

Irene Graskopf
Leiar Eigedom
